

Retningsline for arbeid med felles handlingsplan i Helsefellesskap Møre og Romsdal

Føremålet med denne retningslinja er å:

- Skildre korleis dei faglege samarbeidsutvala (FSU) skal prioritere tiltak til felles handlingsplan i helsefellesskap Møre og Romsdal,
- Skildre korleis FSU skal evaluere tiltak i felles handlingsplan og rapportere til Strategisk samarbeidsutval (SSU).
- Skildre korleis SSU årleg skal følgje opp evaluere felles handlingsplan, prioritere mål og tiltak og vedta felles handlingsplan for Helsefellesskap Møre og Romsdal.

Forankring i revidert samarbeidsavtale:

Jf. Samarbeidsavtalen 2025 punkt 5.2.3 har Strategisk samarbeidsutval (SSU) mellom anna følgende oppgåver:

- b) SSU skal definere mål og utvikle strategiar for framtidens helseteneste.
- c) SSU har ansvar for å vedta og evaluere felles handlingsplan i helsefellesskap Møre og Romsdal.
- d) SSU skal mot slutten av året prioritere mål og tiltak til felles handlingsplan for neste år.

Jf. Samarbeidsavtalen 2025 punkt 5.4.3 har Faglege samarbeidsutval (FSU) desse oppgåvene:


- a) Utvikle framtidens helseteneste innan sitt fagområde
- b) Utarbeide og prioritere mål og tiltak som skal inn i felles handlingsplan for Helsefellesskap Møre og Romsdal. Handlingsplanen skal høyrast og forankrast i dei lokale samarbeidsutvala (LSU) og vedtakast i SSU.
- c) Ved behov utarbeide framlegg til retningslinjer for god samhandling.
- d) I arbeid med handlingsplan, pasientforløp og retningslinjer for samarbeid, der det er relevant, ha fokus på:
 - førebygging og helsefremming
 - diagnostisering
 - behandling
 - rehabilitering/habilitering
 - IKT- løysingar og digital samhandling
 - kompetanse og opplæring

- forskning og utdanning
 - lærings- og meistringstilbod
 - medverknad frå pasient, brukar og pårørande
- e) Formidle informasjon til kommunane og helseføretaket for implementering av tiltak.
- f) Samarbeide med tilsvarande faglege utval i Midt-Norge.

Metodikk i arbeid med felles handlingsplan

Grunnlaget for arbeidet er «Modell for kvalitetsforbetring» frå Kunnskapssenteret.

Innhaldsfortekning i handlingsplanar bør følgje sirkelen.



FSU: retningsline for arbeid med tiltak til felles handlingsplan

Målet med retningsline er at det er felles forventingar til FSUane sitt bidrag i arbeidet med felles handlingsplan.

Dei faglege samarbeidsutvala i helsefellesskapet har jf. Samarbeidsavtalen viktige oppgåver både når det gjeld eigen handlingsplan og fagleg innhald i denne, men også ved å bidra til felles handlingsplan, samt sikre brukarmedverknad og implementering av tiltak.

Kvart FSU har sin eigen handlingsplan. I tillegg har Helsefellesskapet ein felles handlingsplan, som består av prioriterte tiltak frå FSUane sine handlingsplanar.

Når eit tiltak vert prioritert til handlingsplanen FSU, er det forventa at tiltaket er vurdert etter følgjande kriteriar:

- Tiltak er knytta til ei eller fleire prioriterte pasientgrupper.
- Tiltak gir gevinstrealisering for partane i Helsefellesskapet.
- Tiltak svarer ut mandatet til FSU, jf. Samhandlingsavtalen.
 - Tiltak har plan for implementering i kommunar og HF med involvering av eit eller fleire LSU.
 - Vurdere samarbeid med tilsvarande fagråd i helse Midt-Norge.
 - Utarbeide eigen handlingsplan, for kvart FSU, i form av oversikt over aktuelle tiltak for dei neste to år.
 - Retningslinjer og handlingsplan godkjennast av SSU annakvart år.
- Tydelege, konkrete mål- og tiltaksformuleringar gjennom bruk av SMART-kriteriar:
 - Spesifikt
 - Målbart
 - Oppnåeleg
 - Relevant
 - Tidsbestemt
- Plan for evaluering av tiltak

Når tiltak frå handlingsplanen til FSU vert løfta inn i felles handlingsplan, bør følgjande moment brukast til spissing og prioritering:

- Kvart FSU kan ikkje ha fleire enn tre tiltak i felles handlingsplan samtidig.
- Kvart FSU prioriterer årleg tiltak til felles handlingsplan. Ved fleire tiltak sender FSU i prioritert rekkefølge.

- Prioriter tiltak som:
 - Har størst samhandlingsgevinst for pasient og pasientforløp
 - Har størst effekt for flest
 - Har reell brukarmedverknad
 - Er gjennomførbart

Om tiltak krev finansiering:

Tiltak må oppfylle kriteriar for tildeling av aktuelt tilskot:

- sentrale tilskot
- [rekrutterings- og samhandlingstilskot i Helsefellesskapet i Møre og Romsdal](#)
- Samhandlingsmidlar frå Helse-Midt frå 2025, meir informasjon kjem

Brukarmedverknad:

- Kwart FSU har brukarrepresentantar, slik at brukarperspektivet vert ivaretatt gjennom ordinær møtebehandling i FSU.

Helsefelleskapet: retningsline for arbeid med felles handlingsplan

Felles handlingsplan er eit samledokument med føreslåtte tiltak henta frå handlingsplanane til dei faglege utvala. Felles handlingsplan er bygd opp etter trafikklysmodellen, og SSU prioriterer tiltak for komande år ut i frå tilrådingar frå kvart av FSU'ane. Felles handlingsplan skal bestå av 1-3 prioriterte tiltak frå kvart FSU.

Evaluering av tiltak i gjeldande handlingsplan og innstilling til prioritering av tiltak i felles handlingsplan for neste år, skal skje årleg før siste møtet i SSU før jul. SSU vurderer innstillinga og vedtek felles handlingsplan for året som kjem.

Tiltak i felles handlingsplan skal merkast med desse fargekodane alt etter kvar ein er i prosessen:

| | |
|--------------------------|--|
| Ikkje gjennomført | |
| Under planlegging/arbeid | |
| Gjennomført | |

Evaluering og statusrapportering av tiltak i Helsefelleskapet sin felles handlingsplan

- Det evaluerast ut ifrå punkt 4 i modell for kvalitetsforbetring mot slutten av året.
- FSU har ansvar for oppfølging av eigen handlingsplan og kommunikasjon med LSU og SSU.
- Leiar FSU har redigeringstilgang i Helsefelleskapet sin felles handlingsplan (Teams) og har ansvar for rapportering.
 - Statusrapportering ved bruk av triagering av tiltak (fargekoder).
 - FSU rapporterer til SSU på status på gjennomføring av tiltak x 2 årleg. Dette skjer innan utgangen av første halvår og innan utgangen av siste halvår.
 - Før det årets siste møtet i SSU skal faglege utval levere ei skriftleg evaluering av tiltaka som var prioritert for felles handlingsplan i året som var, og prioritere maks 3 tiltak til felles handlingsplan for neste år. Dette kan og vere ei vidareføring av ikkje avslutta tiltak. Leiar og nestleiar i FSU'ane blir invitert til det siste møtet i SSU for å legge fram si evaluering og prioritering.
- Samhandlingssekretariatet publiserer oppdatert felles handlingsplan på Helsefelleskapet sin nettstad 2 x årleg, etter statusrapportering frå FSU.
- Samhandlingssekretariatet gir støtte til FSU og sikrar lik praksis

Revisjon av Helsefellesskapet sin felles handlingsplan

SSU svarer ut punkt 5.2.3 b), c) og d), jf. Samhandlingsavtalen, på følgende vis:

- Godkjenner FSU handlingsplanar annakvart år.
- Utarbeider årleg felles handlingsplan som bygger på prioriterte tiltak frå kvart FSU.
- Forankrar arbeid med felles handlingsplan i årshjul.
- Tak ansvar for samanstilling av Helsefellesskapet sin felles handlingsplan:
 - Arbeidsgruppe er samansett av sekretariat Helsefellesskapet, leiar og nestleiar SSU, brukarrepresentant.
 - Sekretariat Helsefellesskapet er dokumentansvarleg.